



## Notat

Dato: 13.06.2019  
Arkivsak: 2016/34275-28  
Saksbehandlar: sigwols

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Kulturminnefagleg tilleggsnotat - Temarevisjon - Kommuneplanen sin arealdel - Meland kommune

Følgjande er eit tilleggsnotat til handsaming av Meland kommunes temarevisjon av kommuneplanen sin arealdel. I samband med planrevisjonen vart saka sendt over til Riksantikvaren for fråsegn. Riksantikvaren sin tilbakemelding i saka vart diverre arkivert under feil sak, noko me ikkje vart merksame på før 11.06.19.

Fylkesrådmannen har tidlegare gjort framlegg om at Riksantikvaren si føresegn *bør* inkluderast i planen, basert på deira tidlegare fråsegn til oppstart av plan. I høve Riksantikvaren si fråsegn til siste planrevisjon, vil dei i medhald til kulturminnelova *krøvje* at deira framlegg til føresegn vert teke med i planen.

Med dei nye opplysningane i saka vil Fylkesrådmannen difor gjere framlegg om endring frå *bør* til *skal*, og soleis fremje motsegn til planen i høve nasjonale kulturminneinteresse.

#### Framlegg til vedtak, nytt punkt 7.:

7. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner temarevisjon av KPA for Meland er i konflikt med nasjonale kulturminneinteresse. Følgjande må innarbeidast under føresegn § 4.4.2:

*«Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.*

*Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.»*

Det er knytt motsegn til dette kravet. *Motsegna vert løyst om føresegna vert endra.*

#### Vedlegg

1 Temarevisjon av kommuneplanens arealdel - Innspel frå Riksantikvaren - Meland kommune



SAKSHANDSAMAR  
Hanne Merete R. Moldung

VÅR REF.  
17/02012-4

DYKKAR REF.  
2014/18701

ARK. P - Plansaker  
269 Meland kom. - Ho

INNVALSTELEFON

+47 98 20 27 97

DYKKAR DATO  
16.05.2019

VÅR DATO  
27.05.2019

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Att: Sigrun Wølstad

## Meland kommune - Temarevisjon av kommuneplanens arealdel - Innspel frå Riksantikvaren

Vi syner til oversending av 16.5.2019. Innspelet frå Riksantikvaren til temarevisjon av kommuneplanen sin arealdel gjeld Meland mellomalderkyrkjestad, Askeladden id nr. 156372. Vi syner vidare til vårt brev av 25.10.2017 med innspel til oppstart av planprogram og rullering av kommuneplanen.

I innspelet til oppstart av planarbeidet viste vi til at den mellomalderske kyrkjestaden er eit automatisk freda kulturminne som skal visast som omsynssone d), bandlagt etter kulturminnelova, jf. pbl. § 11-8, SOSI-kode H-730 i plankartet, og skal omtalast i føresegnene.

I plankartet er kyrkjestaden skravert med SOSI-kode H-730. Vi kan ikkje sjå at vårt innspel knytt til tekst er tatt med i føresegnene for Meland mellomalderkyrkjestad. Dette må med i føresegnene:

*«Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.»*

*Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.»*

Vi vurderer det slik at kommuneplanen ikkje inneheld områder med ny arealbruk i nærleiken av Meland mellomalderkyrkjestad, eller tiltak som vil vere utilbørleg skjemmande for kyrkjestaden.

Det er med dette ikkje tatt uttrykkeleg stilling til arealbruken jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd.

Vi ber om at våre merknader vert innarbeida i fylkeskommunen si fråsegn til planprogrammet.

Beste helsing

Hanne Merete R. Moldung (e.f.)  
seniorrådgjevar

**Brevet er elektronisk godkjend**